



Dei fem første kandidatane på Kvinnherad Høgre si liste presenterte seg i båthamna i Uskedalen torsdag. Frå høgre står Arne Havnerås, Gunn Mari Moberg, , Roald Vigrestad, , Jeanette Gretland Guddal og Øyvind Utne. Moberg og Gretland Guddal er frå Uskedalen.

Ein meir synleg næringspolitikk og eit tettare samarbeid med næringslivet er ein av postane i Kvinnherad Høgre sitt program. Programmet og dei fem toppkandidatane ved kommunevalet vart presentert på ein pressekonferanse i båthamna i Uskedalen torsdag kveld.

Partiet kjem med framlegg om at det blir oppretta ei prosjektstilling over ein fireårsperiode som nærings- og reiselivssjef i kommunen.

Høgre meiner og at det må ystast kommunal bistand ved oppkjøp og tilrettelegging av bustadfelt.

- Har kommunen sin næringspolitikk vore usynleg, ordførarkandidat Arne Havnerås?

- Ikkje usynleg, men det kunne ha vore gjort mykje meir. Det dukkar stadig opp nye prosjekt og det er viktig å ha areal klare i forkant. Det gjeld også med omsyn til bustadfelt. Kommunen må få større kapasitet på denne sektoren.

Leiar i kommunepartiet og andrekandidat Gunn Mari Moberg frå Uskedalen sa det slik: - Det er viktig at kommunen held betre kontakt med næringslivet og ein kunne ha kome mykje lenger også i vår bygd både med næringsutvikling og tilrettelegging av bustadfelt hvis kommunen hadde hjulpet til.

Kandidatane streka under at det er like viktig å støtta opp slik at folk kan få byggja i utkantane som i sentrale strok.

- Vi ynskjer folk i alle bygder, sa Arne Havnerås.

Kvinnherad Høgre går til val med ei von om å få behalda fire i kommunestyret sjølv om talet på representantar blir redusert frå til 35. På spørsmål om kven partiet eventuelt vil samarbeida med er svaret at dei samarbeider med kven som helst.

Når Havnerås blir spurd om han vil ta ein pause som hotellmann hvis han blir ordførar svarar han: - Det er hypotetisk!

Han svarar slik når han blir spurt om kva som er det viktigste saka på samferdselssektoren: - Det er å opna ei ny direkte snøggbåt-rute mellom Sunde, Flesland og Bergen.

Under pressekonferansen vart partiet også konfrontert med den ferske utvalsinnstillinga som syner eit behov for investeringar på 275 millionar i skulen. Dette er ikke omhandla i programmet og Havnerås har denne kommentaren:

- Dette er ei sak som går kontinuerlig. Det gjeld både nybygg og rehabilitering av samtlige skular og det gjeld ein 20-årsperiode. Og det er mogeleg å ta dette innafor dei ordinære rammene våre.

I motsetnad til andre parti har Høgre ingen aktuelle planar om nedleggjing av skular. Det heiter i programmet at det må arbeidast vidare med skulestrukturen, men partiet meiner at innhaldet i skulen er det langt viktigaste.

- Vi set eleven i sentrum, seier kandidatane.